

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG</b>	Vest
<b>Møtested:</b>	<b>Kviknes Hotel, Balestrand</b>
<b>Dato/tid:</b>	7.-8.november 2016 kl. 12.00   <b>Protokoll: 02/16</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalget:</b>	Even Øyri, Lidvin Hage, Svein Helge Lærdal, Reidar Kallestad, Jan Erik Fløtre, Jan Roy Eide,
<b>Regionutvalget:</b>	Olav Nesse, Aud Molvik (vara for Steinar Schanke), Lise Elvagjeng, Eldrid K Grønsberg, Anders Haugen, Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Bjarte Myren, Bjarte Nordanger, Eli Berge Ness, Jens N Sagevik, Per Magnar Sognnes, Nils Christian Bjørgo, Kjell Ove Høydal (vara for Elisabeth Solheim), Jørgen Wik, Kjell Aase, Ola Kongsvik, Steinar Evebø, Olav Myrholt, Per Gunnar Gilleshammer, Kåre Honningsvåg, Øystein Bakke Kongsvik, Oddmund Kvalsvik, Lillian Flø, Odd Bjarne Bjørdal, Magne Riise, Leif Beite, Ove J. Hånes, Bastian Weiberg-Aurdal, Per Ivar Skodjereite, Øyvind Heinåli-Karlsen, Lasse Øvstdal, Magne Haug, Rune Nerheim, Erling Lønning, Einar Glette, Solveig Øie, Norleif Fjeldheim, Egil Otto Haakull, Marina Novik, Sjur Åkra, Kjetil Mehl, Audun B. Næss, Arnt Haugsgjerd, Marit Mathiassen, Asgeir Nøttveit, Jonny Soltveit (vara for Elin Morken), Stein Olav Hauge, Arnt Bakke, Guro Sofie Gjelland, Morten Samskott, Leif Lirhus, Kåre Olai Solheim, Frode Tveito (vara for Vidar Reime), Eivind Myrdal, Hans Arne Breivik, Lars Rune Teigland (vara for Jonas Vedå),
<b>Valgkomité:</b>	Leif Arne Lirhus, Bente Giæver Nordanger
<b>Andre:</b>	Helene S. Bødtker, Lars Peder Malones
<b>Forfall:</b>	Ragnhild Døving, Anita Heimtun, Hilde Sandvin, Svein O. Børve, Trygve Høines, Ørjan Russenes, Roar Husetuft, Martin Strømøy, Gerd Karin Njåstad, Elin Morken, Magnus Sundal, Steinar Schanke, Elisabeth Solheim, Lars Ove Rimmereid, Jonas Vedå, Vidar Reime, Elin Morken, Jostein Hellestveit, Ove Bruheim.
<b>Konsernstyret:</b>	Per Heringstad
<b>Administrasjonen:</b>	Robert Bekkhus, Eskil Pedersen, Ingvill Jørgensen, Eivind Fonn, Ingebjørg Øien
<b>Referent:</b>	Ingvill Jørgensen

Sak nr	
1	<p><b>Konstituering</b></p> <p><b>Even Øyri ønska velkommen. Opprop v/Ingvill Jørgensen</b></p> <p><b>Innkalling og sakliste godkjend utan merknader</b></p> <p><b>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar:</b></p> <p><b>Eli Berge Ness og Arnt Haugsgjerd vart valde til å skrive uner møteboka saman med RU-leiar.</b></p> <p><b>RU-leiar sin orientering om kva saker AU har behandla og arbeidd med:</b></p> <p><b>Even informerte om det som har skjedd i Regionutvalet , og då med spesielt fokus på at ein ikkje lenger har nokon frå Vest i konsernstyret.</b></p> <p><b>Prøver å legge opp til møter i AU rundt anlegg og å gjere noko saman med produsentane i same området.</b></p> <p><b>Har også hatt opp sak om teknologi og bruk av denne for å spare inn på telefoner til produsentar.</b></p> <p><b>I tillegg har ein hatt oppe sak om kostnader på flytting frå Eidsvåg.</b></p>

2	<p><b>Regional valkomite informerer.</b></p> <p>Marit Mathiassen, leiar i Regional valkomite, informerte. Valkomiteen har starta arbeidet med innstillinga til våren. Har tru på kontinuitet i Arbeidsutvalet.</p> <p>Ber om innspel på kandidatar – treng dyktige tillitsvalde på alle nivå.</p> <p>Og treng tilbakemeldingar på det meste som kan vedrøre det å få gode tillitsvalde, dette er heilt nødvendig for ein valkomite som ikkje kan ha fullstedig lokal kunnskap.</p>
3	<p><b>Open Post.</b></p> <p>Desse hadde ordet:</p> <p>Asgeir Nøttveit, Bjarte Nordanger, Eivind Myrdal, hans Arne Breivik, Stein Olav Hauge, Bjarte Myren, Eli berge Ness, Erling Lønning, Magne Haug, Egil Otto Håkull, Ingolf Folven, Lillian Flø, Oddmund Kvalsvik, Nils Chr. Bjørge, Jørgen Wik, Norleif Fjeldheim. I tillegg svarte Jan Roy Eide ut om egg og Jan Erik Fløtre på spørsmål om storfe.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I ein elektronisk tid – kva er morgen og kva er føremiddag?</li> <li>• Vi har fått nye elektroniske hjelpemidlar, men vi treng ikkje å få meldingar på tre måtar om henting av slakt. Ein er nok!!!</li> <li>• Sak om avliving av høner har vore teke opp fleire gongar. Vi har fått vite at vi på Vestlandet kan få same ordning som er på Østlandet og Jæren, men til kva pris? Dette er usikkert. Vi er samvirke, og skal ha same pris på same teneste uansett kvar landet vi er. Har forfatta eit brev som bør sendast til styret om det vert vedteke i møtet her.</li> <li>• Plastbrett for egg er ein god ting på mange måtar, men her har eggprodusenten vore trekt for 10 øre – ca. kr. 12.000 i året. No har vi marknadsbalanse på egg, men prisane vert likevel ikkje sett pp. Ber om at ein i alle fall tilbakebetalar trekket på bretta. Har også laga eit utkast til brev på dette.</li> <li>• Har lyst å fortelje at i nærlieken av meg er det to nisje-produusenter som skryt av Nortura.</li> <li>• Tre meldingar for ein ting er for mykje!</li> <li>• Egg frå høner i Miljøbur eller Frittgåande, høyrer at det kan verte ulik omsetningsavgift i desse produksjonsmåtane? Må vi heile tida la pressgrupper og trender påverke produksjonen, vi treng heller at seriøse områder legg føringane.</li> <li>• Medlemssenteret gir oss feil telefonnummer til medlemsbutikken i Bergen.</li> <li>• Skal vi tillitsvalde følgje opp nye brukarar? Veit om nokon som ikkje har fått oppfølging.</li> <li>• Oppgjer for livdyr tek altfor lang tid.</li> <li>• Out-sourcing av IT til selskap om er utanlandsk eigd, i lys av Statoil-saka, er vi sikre på at slike ting ikkje vil rame oss?</li> <li>• Prisløypa på småfe, Leiarsamlinga til Sogn og Fjordane Sau og Geit påpeikar at folk er frustrerte fordi dei taper pengar i år på grunn av ei brattare prisløype når dei leverer lam rett frå fjellet. Nye brukarar – er det mogleg å samarbeide med Landbrukskontora på dette?</li> <li>• Storferådgivinga i Sandeid-området er därleg, på grunn av at rådgjevar er altfor mykje livdyrkonsulent. Han er også svært vanskeleg å få i tale i telefonen. Tillitsvalde får heile tida meldingar om at bonden og nye brukarar ute ikkje vert følgde opp, og konkurrent tek mykje volum. Her bør RU-møtet bestemme at ein skal ha oppfølging i Sandeid-området – Roy Erik må ut av livdyr eller så må Bengt Egil Elve vere på nordsida av fjorden og følgje opp det som må gjerast.</li> <li>• Var på stand på Etne-marknaden – hadde Nortura effektar. Men folk på dette arrangementet visste ikkje om Nortura, bør vi ha Gilde og Prior når vi er ute mot vanleg forbrukar?</li> <li>• Føringsdyr med horn , dette er noko som ein ikkje treng, og det bør vere trekk på kr. 1.000,- på dette. Har ein nabo som leverer til Fatland, har prøvd å få han over til Nortura, men han seier at vi ikkje har gode nok prisar på storfe. Og Roy Erik må ut</li> </ul>

	<p>på bygda!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Til innmeldinga – treng å få tilbakemelding om hentetidspunkt seinast fredagen før henteveka til lammeringar.</li> <li>• Slaktekostnadane på kje er svært høge uansett vekt, treng forklaring på kvifor. Bør heller ha stykkpris slik at små kje vert dyrare å slakte for bonden.</li> <li>• Brukar nettinnmelding, men ringde til medlemssenteret i Førde nettopp. Møtte der ein mann i telefonen som kommuniserte på ein lite god måte, Vil ha tilbake damene.</li> <li>• Liten industri/nisjeprodusent fekk ikkje hjelp til å handle stykningsdelar for produksjonen sin verken i Førde eller i Bergen, og dei var ikkje gode å snakke med. Han tok kontakt med Ringdal, og fekk levert på tunet med ein gong.</li> <li>• 1000 kr. For ikkje avhorna dyr, det kostar mye å gjere dette når ein treng veterinæren for dette.</li> <li>• Tilsetningar og anna som Narasin, dusjing med vaksine og fosfat for å ta opp salt, dette vart eg konfrontert med og visste ikkje noko om det, og kunne ikkje svare. Treng info.</li> <li>• Jerseykalvar, er dette ei utfordring for dei som driv med oppfôring av storfe og eit aukande problem?</li> <li>• Etterlyser svar på spørsmål som vart overlevert Torgeir Erfjord i møte i Bergen.</li> <li>• Logoar – vanskeleg å kommunisere med mange merker/namn, trur vi treng eit namn slik som Tine har. Høyrer her at Jær-bondene er vanskelege, men erfaringa er at det ikkje er noko problem.</li> <li>• Treng vi kontraktsproduksjon for å få enklare måtar til rett produksjon. Kva med sjukdom/bakteriar på ei merkjever, då vert det vanskeleg med berre eit namn.</li> </ul> <p>Jan Roy Eide svarte ut saker som gassing av høner, dette er teke opp i Fagutvalet utan å få det som vi vil, men vi gir oss ikkje før vi får same pris over heile landet. Svarte også på innspel om frittgåande/miljøbur.</p> <p>Jan Erik Fløtre svarte ut om prisen på storfe kontra konkurrent.</p>
4	<p><b>Sal/Markned</b></p> <p>Robert Bekkhus orienterte om kva som er biletet i salsmarknaden no, om utfordringar som møter ein mot kjeder og ein del relevante tal.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bør ein ha co-branding på våre merkjever som f eks Thulefjord slik at kunden veit at det er Nortura som produserer dette?</li> <li>• Jacobs Utvalgte – leverer Nortura noko til dette? (Ikkje nei)</li> <li>• Har det vore eit godt sal av lam i haust, i alle butikkar? Lokal butikk som ikkje ville selje lammelår i august, hadde mykje frose lammelår på lager, men ville ikkje selje dette. Har det vore teke mindre lam frå Nortura i år?</li> <li>• Joker har helgebiff – dette er ikkje Gilde, som mange trur. Dette er biff frå Botswana. Treng ny emballasje her som syner rett og er tydeleg skrive.</li> <li>• Kva skjer når Coop ikkje sel nok storfekjøt ihht avtale med Nortura?</li> <li>• Norges Gruppen – kva forventningar har ein til den nye avtalen på kvit kjøt?</li> <li>• Rema vil ikkje overleve som den minste kjeda, og vil ha lavare antal merkjer i butikk, etter det som er sagt i media. Kva då med Nortura sine varer i rema?</li> <li>• Endring av kjedenivå som frå Mega til Extra, vert det mindre utval då?</li> <li>• Kvantumsrabatt i butikk – er det kjedar eller eller salet vårt som er pådrivarar her? Er det ulike vilkår for å få sal og hylleplass? Kva er forholdet mellom marknadsbalansen i sal- og tilførselsmarknaden?</li> <li>• Må vi kjøpe oss hylleplass?</li> <li>• Hylleskiller med Gilde i butikken, men varene er frå andre. Dette vert feil.</li> <li>• Skryt til det arbeidet som har vore gjort for å få opp salet på egg. Her her de vore flinke, men held trykket oppe!!</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auk også trykket på plassering og sal i butikk på alt. Kor mange produkter har vi?</li> <li>• Lam tidleg i sesongen – er dette for dyrt?</li> <li>• Kven starte med EMV?</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
5	<p><b>Ny kommunikasjonsstrategi.</b> Eskil Pedersen la fram saka.</p> <p><b>Innspel frå møtet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bør kunne styre debatten, og få ut reknestykket på å importere kjøtet.</li> <li>• Tine har oppretta ny stilling som skal gå på «klima». Tenkjer Nortura å gjere dette? Treng argument som er rette til oss tillitsvalde.</li> <li>• Treng å få forbrukar til å forstå at det er betre å ete to lammemiddagar i staden for ein med importert biff.</li> <li>• Med den landbrukspolitikken som er no, så vert det mykje dekk og diesel og lite klimafokus.</li> <li>• Hadde skuleklasse frå ein Høgskule på besøk på garden, men dei visste ikkje noko om Nortura, ein vert samanlikna med f eks Coop. Det kjem ikkje fram at vi hentar slakt i heile landet, er eigm av bonden og samvirkeselskap.</li> <li>• Eg driv med kylling og har sett kva Nationen skreiv under kyllingsaka, kvar er Nortura i ein slik situasjon? Vi sakna Nortura i media. Ville kommunikasjonsavdelinga teke dette meir alvorleg på eit anna dyreslag?</li> <li>• Kommunikasjon er viktig, men vi lid under at vi ikkje får ut info til den vanlege norske forbrukar på alle arenaer. Treng overordna kommunikasjon for å få ut bodskapet om eit reint og viktig landbruk i Noreg.</li> <li>• Nortura er samvirke og marknadsleiar, og andre syns at dette er litt suspekt. Vi bør fortelje den gamle historia for å få fram kva Nortura er.</li> <li>• Mange forstår ikkje skilnaden mellom AS og Samvirke.</li> <li>• I pelsdyrnæringa er det ei mest graverande tilfella som vert trekt fram i media, og er avgjerande for det som skjer i denne næringa. Nortura er bondens sitt verkty, det må inn i kommunikasjonen ut.</li> <li>• Eksempelvis er bås-forbodet er utsett frå politisk hald, men kva om kjedene set slike krav til levering av produkt? Kva med dyrevernalar? Treng å høyre kva kommunikasjonsavdelinga vår meiner</li> <li>• Film om kva Tine gjer og er, ligg ute på Facebook. Kanskje Nortura bør gjere noko liknande?</li> <li>• Kor mange omtalar i Nationen – negative eller positive – har vi tal på dette? Vi er ein av eigarane i forlaget som gir ut avis, likevel vert vi svartmåla.</li> <li>• Treng norsk flagg mellom bondens og selskap i logo.</li> <li>• Treng å lære av FK korleis profilere bonden mot forbrukar. Og korleis koblar folk merkevarene mot Nortura – meir no enn før?</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
6	<p><b>Tilførslar/slakteria i området.</b> Eivind Fonn informerte om Førde og Sandeid. Om korleis sesongen har gått og elles måltal for skade, slakting og tilførslar. Ingebjørg Øien informerte om inntransport. Diskusjon på kven som tek marknadsandelar på småfe på Møre Sør.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prisløypa – har ein oppnådd noko i det heile når det vert altfor mykje inn på ein gong. Treng kanskje ikkje ei så bratt prisløype.</li> <li>• Kvifor «går det gale» med antalet ammekyr i Sogn og Fjordane?</li> <li>• Kontakt lammeringsleiarane når det gjeld det å levele tørre dyr.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kanskje dette med tørre dyr er ei utfordring for lammeringane når det regnar på leveringstidspunktet?</li> <li>• Retur ordninga – er dette rett for å leve eit godt resultat og for effektiviteten? Treng effektivitet på heile industrien i staden for at alle skal ha sine lam i retur.</li> <li>• Enkelt å få retur når ein ikkje skal ha spesifikke dyr.</li> <li>• Vi treng informasjon ut om desse sakene – og det er dette som skaper diskusjon på kretsmøta.</li> <li>• Retur – dette må vi tilby, men ta betalt for det det kostar.</li> <li>• Fekk aldri tilbake mine dyr tidlegare når dette vart gjort, men vi må jobbe smartare for å auke innteninga til bonden. Kanskje vert prisløypa for dyr. Og returnen på eigne dyr bør takast utanom høgaste sesongen.</li> <li>• Bør vi ikkje gjere kostnadane tydelegare for bonden, i tillegg til kva tid dette høver best?</li> <li>• Treng betre kommunikasjon for å få inn rette dyr i rett tid til slakteriet.</li> <li>• Retur – slik at nokre kan lage kortreist mat og nisjeprodukt, dette er populær og vi må ha dette.</li> <li>• Det er pulje på 130 dyr på småfe, men vi fekk ikkje meir enn 126 dyr på bilen. Kvifor ikkje anna tal på pulja når bilen er full?</li> <li>• Varsling på ein enklare måte – dette må innarbeidast ute for å kunne effektivisere.</li> <li>• Øyar lagar for mange stopp for å vere med i ein lammering for enkelte. Kva kan gjerast med dette? Går det an å få til fleire stopp når dette er geografiske utfordringar? (Svar: Ja, kan lage ekstra stopp)</li> <li>• Skryt til både dei på medlemssenteret og til sjåførane! Alle gjer ein svært god jobb for oss!</li> </ul>
	Vedtak: Saka teken til orientering.
7	<p><b>Ny Giv i kretsarbeidet – Gruppearbeid</b> Ingvill orienterte om saka og alle gjekk til gruppearbeid.</p> <p><b>Framlegg av svara frå gruppene:</b> <b>Svein Helge Lærdal si gruppe – Haugalandet (84-85-86-87)</b></p> <p><b>A: Ja</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ynskjer arbeidsinstruks for året som kjem</li> <li>• Aktivitet i krets vert kopla saman med Nortura sine aktivitetar i området på ein betre måte.</li> <li>• Rådgivarar må vere aktive i generasjonsskifte og ved nye som startar opp</li> </ul> <p><b>B:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• AU medlem tek kontakt via telefon eller mail med kretsleiarar før møte i AU og Fagutval</li> <li>• Kretsleiarar kan ta kontakt i ettertid.</li> </ul> <p><b>C: Ja (84 – 85 – 86 – 87- 88)</b></p> <p><b>Jan Roy Eide si gruppe: (71 – 72 – 73 – 78 – 79) Sogn Indre og Indre Hardanger/Voss.</b></p> <p><b>A: Auka tilførslar avheng av:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At vi får fleire møter for medlemar m/tema</li> <li>• Auka opplæring av tillitsvalde</li> <li>• Deltaking på fleire fjøsmøter/fagmøter o. l. der alle kan delta.</li> <li>• Invitere nye brukarar og "overgangarar" til møte med fagansvarleg /kretsutval o. l.</li> </ul>

	<p>på småmøter.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Invitere nye brukarar og andre aktuelle skriftleg til "jolabiffen".</li> <li>• Opplæring av oss tillitsvalde</li> <li>• Viktig for auka tilførslar er også gardsbesøk m/fagfolk.</li> </ul> <p><b>B:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Informera, gjerne pr. telefon/e-post før AU-møtet.</li> <li>• AU-medlem må vere litt aktiv for å få folk opp å gå.</li> <li>• Heile kretsutvalet bør få saklista til AU-møtet?</li> </ul> <p><b>C: Ja – kretsane i Sogn – eventuelt Voss, Vaksdal, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Aurland, Lærdal, Årdal.</b></p> <p><b>Ragnhild Døving sine kretsar Sunnmøre/Romsdal (55 – 56 – 57- 59 – 60)</b> Framført av Odd Bjarne Bjørdal.</p> <p><b>A: Utfordring – få fleire til å kome på møte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppsøkande arbeid ute på gardane er viktigast!</li> <li>• Må ha ein seljar som er god på dette!</li> <li>• Ikkje nødvendigvis den tillitsvalde som skal ha ansvar på dette.</li> <li>• Fokus spesielt på dei som ikkje er medlem i dag og på nye bønder. Tillitsvalde må gjerne vere med på desse besøka, men ikkje ha ansvaret,</li> <li>• Temamøter med fagleg innhald, gjerne med fleire samvirke ilag</li> <li>• Få bøndene saman! NB! Nye bønder!</li> <li>• Lammeringar – skaper nye medlemar.</li> <li>• Tema-turar?</li> </ul> <p><b>B:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• AU-medlemar må kome på kretsmøta, ofte engasjerte folk og andre møte det deira dyreslag er tema.</li> <li>• AU-medlem bør sende e-post til kretsleiarane t.d. 1 veke før møter, med sakliste (Sakliste vert send ut i dag)</li> <li>• Og gjerne ringe i forkant for å høyre om innspel.</li> </ul> <p><b>C: Ja.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rauma - Vestnes – Haram – Ørskog. (55 og 57)</li> </ul> <p><b>Lidvin Hage sine kretsar – (61 – 65 – 66 – 67 – 68 – 69)</b></p> <p><b>A: Vi tvilar på at dette automatisk vil føre til auka tilførslar og fleire medlemar. Ingen ynskjer fleire møter berre for å ha møte. Ser positivt på tiltak som lammeringar, der ein samarbeider om praktiske ting. Kan ein overføre dette til andre dyreslag?</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Produsentar har ynskje om faglege samlingar og påfyll, t.d. fjøsbesøk/fjøsopningars. Variere mellom ulike produksjonar.</li> <li>• Positivt med fagsamlingar på småfe i januar, men elles har Nortura bidrige lite når det gjeld småfe siste åra.</li> <li>• Kan vere lurt å bruke lista med e-postadresser for å utveksle erfaringar.</li> </ul> <p><b>Tillitsvalde si rolle: Positivt å vere synlege og skape aktivitet. Ta med innspel/signal frå produsentar og vidareformidle dette inn til AU/leiing.</b></p> <p>Like viktig er det at vi tek med oss kunnskap ut att i krinsane, om ting som vert presenterte i møter.</p> <p><b>Positiv haldning i deler av gruppa for å få til ei felles sosial samling for fleire krinsar i området.</b></p>
--	---

**Styrke rådgivinga i staden for fleire møter?**

**B:** Viktig med kontakt. Lettare å ta kontakt når ein kjenner kvarandre. Ru-møta viktige i denne samanhengen. Setje av tid under RU-møta slik at AU-representantane kan samle "sine" krinsar. Det kan også vere positivt at AU-representanten er med på kretsutvalsmøta.

**C:** Vi diskuterte om det var pilot ut frå det som var skissert, eller ut frå det vi sjølve har kome fram til. Området rundt Førde kan vere aktuelt som pilot-prosjekt, krinsane 69, 68, 67, 66.

Vi kan ikkje sjå vi har kapasitet til å ta på oss så mykje ekstra arbeid. Det vil vere nødvendig at vi får nokon til å følgje opp arbeidet/ordne opp i ting.

**Jan Erik Fløtre sine kretsar (58 – 62 – 63 – 64)**

**A:** Ser ikkje noko sikkerheit for at tilførslane og medlemstilfredsheita vil auke.

- For mange møter – treng å ha felles møter med ander org.
- Greitt slik det er i dag.
- Rett type faglege møter og med aktuelle tema.
- Personavhengig korleis kretsutval fungerer og kor aktive dei blir.
- Tilpassa aktivitet etter lokale forhold.

**B:**

- Viktig at alle dyreslag er representerte i kretsutvalet
- Kontakten må gå begge vegar
- Når ny kjem inn i kretsen er det viktig at AU-medlem tek ansvar for å skape kontakt.

**C:** Nei.

**Even Øyri sine kretsar (80 – 81 – 82 – 83 – 88)**

**A:** Meir tru på sosiale samlingar enn fagmøter – t.d. julemøter o. l.

**B:** Ansvarleg AU-medlem bør vere med på samling av kretsleiarar/kretsutval. Treffpunkt på RU-møte.

Medlemslister til kretsleiarar – Kan landbrukskontor bidra med info ang. Generasjonsskifter?

**C:** Ja – Kvam åleine.

**Reidar Kallestad sine kretsar (70 – 74 – 75 – 76 – 77)**

**A:** Ja, det trur vi på! Det er potensiale i samhandling!

Det trengs verkeleg ein ny giv, ei føresetnad for å lukkast er at kretsutval frå fleire kretsar kjem saman for på planlegge aktivitetar og møter. Foreslår 2 gangar årleg planleggingsmøte.

Kretsane ynskjer å diskutere høyringssaker og strategiarbeid fleire i lag.

Grilling er supert.

Lista må ikkje leggast for høgt, då vil ingen ta på seg verv.

Fagleg innhald på medlemsmøter, ny giv møte, kapre nye leverandørar-møte, Kan vere info om: arbeidet med planlegging av inntransport-rutene, arbeidet på slakteriet i sesongen, sal og marknad, forståing frå bås til bord, pris – korleis oppnå høgast mogleg pris, prisløypa, tyngde på slakt, storleik på puljar.

Å ta vare på eksisterande medlemar er like viktig som å få nye.

	<p><b>B:</b> Ikkje møte for møtet si skuld – kvar kretsleiar må ta kontakt om ein har noko å diskutere - AU-medlem som møter i kretsen er positivt – AU medlem bør møte på møta der fleire kretsutval samlast for planlegging av aktivitetar, og ved felles høyringar og strategiarbeid.</p> <p><b>C:</b> Ja – alle kretsane i ansvarsområdet til Reidar.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
8	<p><b>Sentral valkomite informerer.</b></p> <p><b>Reidar Kallestad</b> – medlem i sentral valkomite orienterte om kven som er på val i år.</p> <p><b>Om arbeidet og framdrifta i komiteen.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• J. Narum – har han berre rugeegg som produksjon?</li> <li>• Er det krav til fordeling av styremedlemmar mellom regionar?</li> <li>• Får vi informasjon i år om kven som ikkje tek gjenvalg?</li> <li>• Bør ta med produksjonar og funksjonstid – kanskje også alder på framleggget.</li> </ul> <p>Reidar bad om innspel til sentral valkomite – og det bør sendast til leiar i komiteen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
9	<p><b>Økonomi/drift</b></p> <p><b>Nestleiar i konsernstyret, Per Heringstad la fram saka.</b></p> <p>Orienterte om resultatet pr. 2. tertial. Orienterte også om prognosene neste året, og situasjonen på dei enkelte produksjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er renta på obligasjonslåna som Nortura har?</li> <li>• Å ha berre ei produksjonsline for produkt, og den sårbarheita dette gjev, vert dette vurdert?</li> <li>• Norfersk – korleis går dette selskapet no?</li> <li>• Vil gi styret og leiinga skryt – er flinke til å lage produkt til den enkelte kjeda for å behalde varemerkja som Gilde og Prior.</li> <li>• Kva er kg/time – er det pr. person?</li> <li>• Nedlegging av anlegg og nedgang av etterlønn, er dette ferdig nå?</li> <li>• Feite oksar og nye krav for oksar for å oppnå O+, dette må Nortura arbeide for mot Jordbruksforhandlingane for å endre.</li> <li>• Overproduksjon på småfe – kor stor er eigentleg overproduksjonen?</li> <li>• Storfeproduksjonen her er det viktig å ikkje få en overproduksjon. Mange små kjem til å slutte, men produksjonen på mjølk kjem ikkje til å gå ned. Treng at Nortura og Tine må jobbe tettare i lag for å dreie produksjonen frå mjølk til ammeku på ein del stader.</li> <li>• Eggproduksjon og måtar å regulere produksjonen på, vart opplyst om.</li> <li>• Kjekt å høyre at ting utviklar seg godt – det treng vi. Kanskje bør vi endre varekostnad til noko meir positivt når det gjeld råvare kostnaden til produsent?</li> <li>• IT og out-sourcing – dette kan godt verte negativt på fleire måtar.</li> <li>• Innføring av nytt datasystem i gamle Prior var eit dårleg trekk – kva for avtaler er inngått her vedr. Nova? Hærland – kva med den økonomiske fordelinga på overforbruket av midlar her? Treng info.</li> <li>• Viktig at vi i Vest har så stor produksjon at vi hentar fulle eggebilar slik at vi ikkje får det på oss at vi må legge ned når transporten vert for dyr.</li> <li>• Info om at ammeku burde vore satsa på i dei tre vestlandsfylka, og det må arbeidast for å få endring på klasse for fullt tilskot slik at ein kan bruke lettare raser, og kan bruke dei norske ressursane på Vestlandet.</li> <li>• Marknadsbalanse – er det Nortura eller marknaden totalt? Kvar er omeletten i</li> </ul>

	<p><b>butikkane. IT – ikkje greitt med utanlandske selskap når ein ser på lojalitetstanken.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Investeringar ifht framtida – anlegget i Førde er på ei grense på kva som kan handterast, vi må ikkje forvente at ein kan behandle ein større varestraum i sesongen neste år og framover. Treng å bruke ressursar på dette.</li> <li>• Innvandring til Norge bør kunne verte eit marknad – men utfordringa er Halal – som ofte vert importert.</li> <li>• Klima – mjølkekuja går ut og ammekuja går inn – dette er ikkje bra for klima? Treng å få til samarbeid med Tine på dette.</li> </ul> <p>Per Heringstad svarte ut innspel og spørsmål.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
10	<p><b>Avrapportering frå vedtektskomiteen.</b></p> <p>Per Heringstad, leiar i Vedtektskomiteen, la fram saka.</p> <p>Ein del justeringar kjem på grunn av at Samvirkelova er innført etter siste tilpassing. Elles er det kapitalinstrumenta på EK som er hovudsaka.</p> <p><b>Innspel frå møtet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medlemskapitalen og generasjonsskifte, korleis vert dette?</li> <li>• Trur det bør vere ein måte å mogleg regulere tilleggskapitalen med å sette ned renta på dette, om ein får for mykje kapital.</li> <li>• Generasjonsskifte – så vert alt utbetalt rullerande etter 7 år.</li> <li>• Rente på tilleggskapital bør vere lågare enn resten, for å ikkje belaste eigarane.</li> <li>• Det er ikkje så høgt nivå at dette vil verte eit problem for Nortura.</li> <li>• Hadde ein friviljig EK tidlegare, og det vart ikkje betalt inn mykje på den.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
11	<p><b>Info frå fagutvala</b></p> <p>Lidvin Hage informerte om sakene som Ragnhild Døving skulle informert om, for stor effektivitetsauke som har trigga overproduksjonen. Har også hatt skeiv fordeling, slik at slaktegrisprodusenten ikkje har fått sin del av dette. Treng å senke prisen på smågrisproduksjonen, for rett fordeling. Viktig då å oppretthalde distriktsgrisen, også for anlegga våre.</p> <p>Immunkastreringa, dette har ein del utfordringar. Også på salsida, kjøt med rånesmak må ikkje ut i butikk.</p> <p>Treng å kjøle ned økonomien litt for å ta bort overproduksjonen.</p> <p><b>Jan Roy Eide om det som skjer på egg.</b></p> <p>Mykje vart informert om i går, marknadsbalansen er fin, liten justering av prisen og vi må ikkje gå på ein smell igjen ved å fylle kyllinghusa.</p> <p>Treng litt overproduksjon for å verne mot heving av konsesjonsgrenser.</p> <p>Kontraktsproduksjon er eit tema, men dette vil ikkje vere greitt for produsentane på mange områder. Viktig å hegne om samvirke og ikkje lage mange små pakker.</p> <p>Frittgåande/miljøbur er eit diskusjon som går no.</p> <p><b>Jan Erik Fløtre om storfe.</b></p> <p>Treng ca. 45000 slakt av oksar er det vi manglar i dag – men det er fleire usikre ting som vil vere avgjerande framover for kva som er fasiten her.</p> <p>Informerte også om konkurransesituasjonen og kva dette vil seie for prisar og tilpassing her.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oksar og tidspunkt for levering – vanskelig å bestemme leveringstidspunkt slik som småfe.</li> </ul> <p><b>Veldig feil med teljedato 1. oktober når det gjeld storfe.</b></p> <p><b>Informerte om problemer med å ta ut pris i marknaden.</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kva meinast med tvillingar? Utfordringar her?</b></li> <li>• <b>Kjøtte – her vil ikkje marknaden betale for Norsk Kjøttfe – bør ikkje vi mjølkeprodusentar produsere meir kjøt på blandingsrase – også ammeku i mjølcefjøs. Tunge rasar – kanskje heller sjå på kva som er best.</b></li> </ul> <p><b>Reidar Kallestad om småfe.</b> Arbeidd mykje nå med overproduksjonen i fagutvalet, men vil takke alle saueprodusentar som snudde seg rundt og leverte på lågare vekter og tidlegare levering. Alle satsa på småfe som vi mangla ca. 100.000 lam, og i tillegg fekk ein tilskot som var produksjonsdrivande. Informerte om lagersituasjonen og sal til industrien, men har ein del utfordringar no på småfe. <b>Treng å få alle til å bidra for å redusere litt av denne overproduksjonen.</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rart at store lam vert betalt betre på lam over 23 kg.</li> <li>• Treng å ta ned lammetalet pr. sau.</li> <li>• Prisløypa må lagast for å få ned</li> </ul> <b>Treng å få innspel om korleis vi skal takle overproduksjonen.</b> <b>Svein Helge Lærdal informerte om på fjørfekkjøt.</b> Berre to produsenter att i Regionen, og nokre som har mista avtalen skal kanskje produsere egg. Informerte om Trøndelag og situasjonen der, kostnader med transport og produksjon. Mange har gått til Den Stolte Hane, ingenting er betre der på pris etc. <b>Kan Nærø kyllingslakt verte kjøpt av DSH?</b> <b>Utfordringar på den Narasin fri kyllingen.</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det alle i Norge som produserer Narasinfri kylling?</li> </ul> <p><b>Håper på at den nye avtalen med NG kan hjelpe på at vi kan få avsetning.</b></p> </p>
12	<p><b>Open post</b></p> <p>Reidar Kallestad - treng å ta betre tak i besøk på Nye Brukarar – dette er framtida. Leif Beite – om kretsen som har fleire øyar og fastland – skulle gjerne ha hatt elektronisk avstemming som då hadde gjort dette lettare når ein treng møte på både kveld og dagtid. Eivind Myrdal – vi treng to-dagars møte. Bør ta en evaluering etter at vi har prøvd ein-dags møte. Eli Berge Ness – Må finne gode arena mot produsenter som lammeringar o. l. Marit Mathiassen – Viktig å bruke Regionutvalsmøta som relasjonsbyggingsstad. Viktig å kunne observere tillitsvalde for framtidig bygging. Norleif Fjeldheim: Treng å velje årsmøteutsendingar direkte frå kretsane. Anders Haugen – Prisløypa på lam – denne bør flatast ut på grunn av kapasitet og press på slakteria – har fagutval og konsernstyret vurdert denne sida? Bjarte Nordanger – Informerte om brev om egg som ein ynskjer at Regionutvalsmøtet skal sende vidare i systemet, og at AU arbeider vidare med desse to sakene: Gassing av høner og Pris for plastbrett. Bad om at Regionutvalsmøtet gir sin tilslutning til dette, og at AU eventuelt sender desse sakene vidare til konsernstyret. Handsopprekking for begge framlegga – einstemmig tilslutning til saka. AU tek dette vidare til behandling og eventuelt vidare til konsernstyret.</p>
13	<p><b>Kort om budsjett 2017 i RU-Vest</b></p> <p>Ingvill informerte om budsjettet og litt om det som vil skje på aktivitet Informerte kort om at budsjett er på same nivå som i 2016 – og om dei julemøta som er på</p>

	<b>kalenderaren.</b>
<b>14</b>	<b>Evaluering av møtet</b> Even evaluerte møtet – bør vi ha Info fra fagutvala tidleg i møtet – og 2 større opne postar? Dette har det kome innspel om, og vi tek gjerne innspel på forbetringar.  <b>Møtet slutt!</b>

**Eli Berge Ness (s)**

**Arnt Haugsgjerd (s)**

**Even Øyri (s)**